



Sel kommune


Utskrift av møtebok

Arkivsak: 2006/690-4

Arkiv: C60

Saksbehandlar: Kari Hølmo Holen

Dato: 21.07.2008



Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
44/08	Driftsutvalget	15.09.2008

Evaluering av ABM-utvikling. Høyringsuttale frå Sel kommune

Vedlegg:

Evaluering av ABM-utvikling. Invitasjon til å avgi høyringsuttalelse.

Utdrag frå rapporten pkt.13.2 Anbefalinger

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Rapport: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/dok/hoeringer.html?id=1958>.

Regional bibliotekplan.

Saksutgreiing:

På oppdrag av Kultur- og kyrkjedepartementet har DIFI (Direktoratet for kommunikasjon og IKT) gjennomført ei evaluering av ABM-utvikling – statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Ei rekkje høyringsinstansar er invitert til å koma med uttale innan 1. september, seinare forlenga til 1. oktober.

Rapporten er gjennomgått av biblioteksjef Anne Marie Viken og kommunalsjef Kari Hølmo Holen, og blir lagt fram for driftsutvalget til politisk behandling.

ABM-utvikling vart etablert i 2003 for å fremme heilheitleg tenking rundt arkiv, bibliotek og museum. Det nye organet skulle drive aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å samordne, effektivisere og styrke ABM-feltet. Hovudperspektiv for denne evalueringa er retta mot formål, oppgåver og strategiske val samt relasjonar til brukarar og samarbeidspartar.

Mandat for evalueringsarbeidet er å kartleggje følgjande:

- ABM-utvikling som strategisk utviklingsorgan
- ABM-utvikling som forvaltningsorgan
- Samanlikning med andre land

For ABM-utvikling er hovudmålsetjinga å styrke arkiv, bibliotek og museum som aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar, der verksemda skal fremje læring, kunnskaps- og kulturformidling, utvikling av digitalt innhald og tenester, utvikling og sikring av samlingar og samhandling og nytenking.

Status i Sel:

- Sel kommune har hovudbibliotek på Otta, og to filialar – Heidal (på skulen) og Sel (på samfunnshuset)

- Sel bibliotek har jamleg samarbeid med dei andre biblioteka i regionen, har Regional bibliotekplan, og samarbeider under paraplyen Nasjonalparkbiblioteket, eit tiltak i det "sømløse bibliotek Oppland."
- Oppland fylkesbibliotek har saman med biblioteka i Oppland gjennomført prosjektet "Det sømløse biblioteket", som har fått støtte frå ABM-utvikling.
- Hovudbiblioteket på Otta er samlokalisert med Otta bergverksenter (del av Gudbrandsdalsmuseet) og Otta nasjonalparksenter (Eit av seks sentra under stiftinga i Nasjonalparker, kommunalt eigd).
- Sel kommunestyre har godkjent etablering av Gudbrandsdalsmuseet AS og har gått inn med aksjar. Kommunen har 9 freda gardstun og over 90 freda hus.
- Sel kommune er medeigar i Norddalsarkivet og folkemusikkarkivet, lokalisert i Vågå.
- Kommunalsjef Kari Hølmo Holen er kontaktperson for kulturminneåret 2009.
- Biblioteket har abonnement på nettleksikon og avis-arkivet (A-tekst) gjennom konsortieavtale hos ABM-utvikling.
- Biblioteket nyttar dataprogrammet Biblioofil.
- Biblioteket er i gang med digitalisering av biletsamling for kommunen. Dataprogram til dette er kjøpt.
- Kommunen er med i den kulturelle skolesekken, drift av sekretariatet for den kulturelle skolesekken er dekt frå ABM-utvikling sitt driftsbudsjett. Tilskott blir fordelt gjennom fylkeskommunen.
- Statistikk over utlån for folkebibliotekverksemda og skolebibliotek blir levert til ABM-utvikling.

Vurdering:

Sel kommune er positive til etablering av ABM-utvikling. Rapporten blir tatt til orientering. Det er særleg tatt utgangspunkt i punkt 13.2 Anbefalinger, som gjeld vidare arbeid.

Ein del av rapporten viser til samarbeid og samarbeidsrelasjonar som det er vanskeleg å kommentere. Kommunen finn likevel grunn til å peike på ein god del av dette er interne saker som må finne si løysing. Det er heller ikkje til å unngå at omorganiseringar og nye roller krev tid før alt kjem på plass. Det er likevel med undring vi registrerer at manglande samarbeid med nasjonalbiblioteket er så vidt sterkt vektlagt, medan arkivtenesta har fått langt mindre fokus.

Så langt har kommunen registrert at økonomiske midlar til rådvelde har vore alt for små, og forventningar om auka tilskott har ikkje vorte oppfylt.

Kommunane betaler for Bibliotekportalen Oppland, men den er langt frå god nok. I mange tilfelle gir den ikkje reelle treff. Den taklar m.a. ikkje at det er ulike program. Det er difor viktig at IKT blir vektlagt i langt større grad i det vidare arbeidet.

For å få god portalløysing og utnytte ressursar er det viktig at fagbibliotek og folkebibliotek deltar i felles løysing.

Det må også bli arbeidd vidare med felles programvare som har gode søkemotorar. Vi har tidlegare arbeidd for at Primus-programmet skulle kunne nyttast for registrering, utan å lykkast. Dersom dette nå blir tilfelle, er det sett som positivt. Det må bli arbeidd vidare med dataprogram som gir felles registrering.

For vidareføring av ABM-samarbeidet er det viktig at det ikkje er krav om overtaking av eigedomsrett til samlingar ved etablering av konsoliderte museum.

Når det gjeld digitalisering av samlingar, bør ein nytte erfaringar som også er gjort i andre land.

Administrasjonssjefen sitt forslag til uttale frå Sel kommune:

Driftsutvalget sluttar seg til administrasjonssjefen si saksutgreiing og vurdering som Sel kommune si høyringsuttale av rapporten Evaluering av ABM-utvikling, og vil særleg peike på følgjande under punkt 13.2 Anbefalinger:

1. Kulepunkt 1 bør endrast til: Som ein nasjonal og nøytral aktør fortsette arbeidet med å foreine aktørane innafor kvar einskild sektor. For biblioteksektoren er dette viktig for å oppnå gode søkeportalløysingar.
2. Kulepunkt 3 bør endrast til: Det må arbeidast vidare med søkeportalutvikling og felles dataprogramvare.
3. Kulepunkt 4 bør endrast til: Vidareutvikle samarbeidet med Nasjonalbiblioteket.
4. Kulepunkt 6 blir tatt ut, er uklart.
5. Tillegg til kulepunkt 5: Økonomiske midlar må aukast om m.a. konsolidering av museum skal lykkast.
6. Nytt kulepunkt 7: I det vidare arbeidet må arkivtenesta styrkast, mange arkiv er ikkje registrert og digitalisert, og difor ikkje søkbare.
7. For digitalisering av samlingar bør ein dra nytte av erfaringar frå andre land.

Behandling i Driftsutvalget - 15.09.2008:

Administrasjonssjefens forslag til vedtak enstemmig vedtatt.

Vedtak i Driftsutvalget - 15.09.2008:

Driftsutvalget sluttar seg til administrasjonssjefen si saksutgreiing og vurdering som Sel kommune si høyringsuttale av rapporten Evaluering av ABM-utvikling, og vil særleg peike på følgjande under punkt 13.2 Anbefalinger:

1. Kulepunkt 1 bør endrast til: Som ein nasjonal og nøytral aktør fortsette arbeidet med å foreine aktørane innafor kvar einskild sektor. For biblioteksektoren er dette viktig for å oppnå gode søkeportalløysingar.
2. Kulepunkt 3 bør endrast til: Det må arbeidast vidare med søkeportalutvikling og felles dataprogramvare.
3. Kulepunkt 4 bør endrast til: Vidareutvikle samarbeidet med Nasjonalbiblioteket.
4. Kulepunkt 6 blir tatt ut, er uklart.
5. Tillegg til kulepunkt 5: Økonomiske midlar må aukast om m.a. konsolidering av museum skal lykkast.
6. Nytt kulepunkt 7: I det vidare arbeidet må arkivtenesta styrkast, mange arkiv er ikkje registrert og digitalisert, og difor ikkje søkbare.
7. For digitalisering av samlingar bør ein dra nytte av erfaringar frå andre land.

Rett utskrift:

Dato: 17.09.2008

Ann Iren Sagdalen